



§

# Forskrift om reglement for orden og åtferd

Kommunalt reglement for skulane i Bjerkreim

---

*Kap. 1 Føremål, elevane sine rettar og plikter*

*Kap. 2 Reglar for orden og åtferd*

*Kap. 3.1 Tiltak ved brot på ordensreglane*

*Kap.3.2 Utdjuping av tiltak ved brot på ordensreglane*

---

Oppdatert: 09.01.20

Kommunalsjef Oppvekst og kultur  
Rune Andersen

# Innleiing

## Heimel

Ordensreglementet er gitt med heimel i Lov 17. juli 1998 nr. 61, om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. Opplæringslova § 9a–1 seier at «*alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.*» Samtidig pliktar skuleeigar å ha eit forsvarleg system for å vurdera om krava i opplæringslova er oppfylte og for å følgja opp resultata frå desse vurderingane, jf. opplæringslova § 13-10.

Skuleeigar skal i følgje opplæringslova §§ 2-9 og 3-7 fastsetja ei forskrift om ordensreglement. Føremålet til ordensreglementet er å regulera elevane si åtferd på skulen, og på den måten sikra eit godt psykososialt miljø for alle.

Alle rådsorgana ved skulane har fått høve til å uttale seg om reglementet, før det blei oversendt og behandla i levekårsutvalet og kommunestyret.

## Innhald og verkeområde

Ordensreglementet gjeld grunnskulane i Bjerkreim. Reglementet gjeld også for skulefritidsordningane og under skulane sine lekselesingstilbod.

Ordensreglementet inneholder reglar for orden og åtferd, reglar for kva slags tiltak som skal brukast mot elever som bryt reglementet, samt reglar for framgangsmåten for behandling av slike saker.

Skulane har ansvaret for elevane så lenge dei er under skulen si leiing, i skule og SFO. Dette tyder såleis at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteareal. Reglementet vil også kunne gjelda på skulevegen, på skulebussen og når elevane har undervisning andre stader enn på skuleområdet, til dømes i prosjekt, leirskule og ekskursjonar.

I tillegg til eit felles ordensreglement for Bjerkreim kommune, har kommunen/skulane planar som skal bidra til å ivareta elevane sitt psykososiale skolemiljø. Den enkelte skule vil også kunna utdjupa konsekvensane av regelbrot.

## Iverksetjing og kunngjering

Reglementet for orden og åtferd, både det kommunale og eventuelle lokale utdjupinger, skal gjerast kjent for elevar, føresette/foreldre og tilsette kvart år ved skulestart. Dette ansvaret kviler på kvar enkelt rektor. Reglementet skal til ei kvar tid vera tilgjengeleg på skulen/kommunen sine nettsider.

## Saksbehandling ved brot på ordensreglementet

Behandlinga av alvorlege brot på ordensreglementet følgjer reglane for saksbehandling i forvaltningslova (fvl), medrekna kap III - kap. VI ved enkeltvedtak. Når ei sak skal avgjera, skal følgjande saksbehandlingsreglar uansett gjelda:

Skulen pliktar å sjå til at saka er opplyst så godt som mogeleg, og avgjorda skal treffast på eit grunnlag som er forsvarleg etter korleis innhaldet og karakteren til saka er.

Før alle typar alvorlege sanksjonar vert sette i verk, har elevane krav på å forklara seg for den/dei som skal fatta vedtaket. Eleven har i møte med skulen rett til å ha med seg føresette. Vedtaket skal grunngjevast.

Grunngjevinga skal gis samtidig med at eleven vert gjort kjent med avgjorda, med mindre særskilte høve gjer dette vanskeleg. Grunngjevinga kan bli gitt munnleg, men ved enkeltvedtak og ev. andre spesielt viktige avgjerder, skal grunngjevinga bli gitt skriftleg.

Eleven sine føresette skal få informasjon om innhaldet i saka, og om avgjorda som skulen har teke.

## **Fastsetjing av karakterar i orden og åtferd**

### **Orden**

Ved fastsetjinga av karakter i orden blir det vurdert om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. I dette ligg mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og om eleven har med seg nødvendige læremiddel og utstyr. Ugyldig fråvær vert knytt til ordenskarakteren.

### **Åtferd**

Ved fastsetjinga av karakter i åtferd blir det vurdert korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette, i og utanfor opplæringa. I dette ligg mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre og skulen sine reglar og reglement (til dømes snøballkasting, ro under fellessamlingar og liknande).

### **Vurdering**

Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Elev og føresette skal alltid varslast dersom ein elev står i fare for å få ein annan karakter enn God i orden og åtferd.

## **Kapittel 1**

### **Føremål, elevane sine rettar og plikter**

#### **Føremål**

Skulane i Bjerkreim skal vera prega av eit konstruktivt samarbeid mellom elevar, føresette og tilsette. Elevane skal læra å sjå seg sjølv som medansvarlege for eit godt fellesskap, og sentrale verdiar som respekt og toleranse blir vektlagt.

Ordensreglementet for skulane i Bjerkreim skal vera eit verkemiddel for å oppnå ei slik målsetjing. Reglementet tek utgangspunkt i at skulen er til for elevane, og at elevane ønskjer å bruka sine positive ressursar til å bidra til eit godt skulesamfunn for alle.

#### **Rettar**

Som elev har du både rettar og plikter. Du har krav på:

- at alle behandler deg på ein ordentleg måte
- at andre viser deg respekt og let dine eigendalar vera i fred
- at du skal vera fri for fysisk, psykisk og verbal plaging/mobbing
- at du får eit godt lærings- og skolemiljø

#### **Plikter**

Du har plikt til å:

- arbeida for å få eit godt lærings- og skolemiljø
- behandle andre på ein omsynsfull måte
- visa andre respekt og la deira og skulen sine eigendalar vera i fred
- ikkje plaga eller mobba nokon, verken fysisk, psykisk eller verbalt

## Kapittel 2

### Reglar for orden og åtferd

Opplæringslova kapittel 9a slår fast at alle elevar har rett til eit godt miljø på skulen. Alle elevar i grunnskulen, SFO og elevar i vidaregåande opplæring har ein individuell rett til å ikkje bli utsette for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, vald, diskriminering, rasisme eller utestenging.

---

#### I Bjerkreimskulane:

har vi nulltoleranse for mobbing. Med mobbing meiner vi ei negativ handling frå ein eller fleire, retta mot ein annan. Denne negative handlinga vert gjenteken, går føre seg over tid, styrkeforholdet mellom dei to partane er ujamt, og det kan på denne måten bli ei systematisk krenking.

I omgrepene nulltoleranse ligg at:

- Elevane, og vaksne, viser respekt for kvarandre.
  - Banning, utidig munnbruk, slåssing, negativ fysisk tilnærming til kvarandre og forstyrring av andre sine aktivitetar ikkje er akseptert.
  - Rasistiske utsegner og handlingar ikkje er lov.
  - Seksuell trakassering ikkje er lov.
- 

#### I Bjerkreimskulane:

- Skal det vere arbeidsro og god arbeidsinnsats i timane.
  - Skal elevane møte presis til timer og avtalar.
  - Skal skulearbeidet bli gjort til avtalt tid.
  - Skal det haldast god orden både inne og ute.
  - Skal elevane ta godt vare på alt som tilhører skulen, både ute og inne.
  - Skal det ikkje førekome juks eller forsøk på juks.
  - Skal det vere eit rusfritt miljø.
-

## Kapittel 3.1

### Tiltak ved brot på ordensreglane

#### Sanksjonar

Alle sanksjonar skal vera slik at elevane skal forstå kva for nokre reglar som er brotne, og kvifor skulen må reagera på dette. Sanksjonane må vera rimelege i høve til brotet på ordensreglane. Dette gjeld både for tiltak i det felles ordensreglementet for Bjerkreimskulane, og for eventuelle lokalt tilpassa reglar på den enkelte skule. Eleven skal, dersom det er mogeleg, bli gitt høve til å gjera opp for seg.

Fysisk refsing og annan krenkjande behandling skal ikkje nyttast. Med fysisk refsing meines ikkje fysisk arbeid i samband med reparasjonar, rydding eller vask etter seg sjølv eller andre.

**Brot på ordensreglane kan mellom anna føra til følgjande tiltak, alt etter kor alvorleg saka er:**

- Erstatningskrav kan bli sett fram for føresette.
- Pålegg om oppgåver for å retta opp skade eleven har påført skulen sin eigedom eller eidegar (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging o.l.).
- Oppmøte på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar med lærar/rektor og/eller utføring av pålagte oppgåver.
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar.
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå rektor/skuleleiing.
- Tap av friminutt.
- Bortvising frå delar av skulegarden.
- Bortvising frå klasse/gruppe.
- Bortvising frå skulen for resten av skuledagen (1.-7. trinn), 1-3 dagar (8.-10. trinn), etter rektor si avgjerd.
- Midlertidig eller permanent klassebytte.
- Midlertidig eller permanent skulebytte.
- Kommunen kan melda ulovlege handlingar til politiet.
- Nedsett karakter i orden og åtferd.

Heimen skal alltid verta kontakta ved alvorlege brot på ordensreglementet

I Bjerkreimskulane vert det lagt vekt på god kommunikasjon mellom heim og skule. Føresette betyr mykje for elevane sitt læringsutbytte, og dei er også ein viktig ressurs for skulen i arbeidet med å sikre eit godt psykososialt læringsmiljø. Vi ser på føresette som medspelarar og jamstilte samarbeidspartnarar i utdanninga og oppsedinga av borna deira.

## Kapittel 3.2

### Utdjuping av tiltak ved brot på ordensreglane

***Brudd på reglementet kan føre til nedsett karakter i anten orden eller åtferd for elevar på ungdomstrinnet.***

#### Bortvising

Rektor vedtek bortvising etter å ha rådført seg med kontaktlæraren til eleven. Før det blir gjort vedtak, skal eleven ha fått høve til å forklare seg munnleg og ein skal ha vurdert å bruka andre hjelpe- og konsekvenstiltak. Faglærar kan visa vekk eleven frå si eiga undervisning for ei undervisningsøkt på maks to klokkeslipp. Eleven skal ha tilsyn.

#### 8. - 10.trinn

Ved bruk av vald og/eller truslar, særleg provoserande åtferd eller andre grove brot på ordensreglementet, kan elevar på 8.-10. klassetrinn visast vekk frå undervisninga i inntil tre dagar.

#### 1. - 7.trinn

Elevar på 1-7. klassetrinn kan visast vekk frå undervisninga for enkelttimar og resten av dagen jf. Oppl.I §2-10.

#### Mobiltelefon og smartklokke

Mobiltelefon og smartklokke skal vera avslått heile skuletida. I dette ligg at telefon/smartklokke heller ikkje skal brukast i pausar frå undervisninga der skulen har ansvar for elevane.

Elevar som har med mobiltelefon på barneskulen skal levera denne til lærar/kontorpersonalet for oppbevaring ut skuledagen.

#### Elektriske framkomstmidler

Det er ikkje lov for elevar i barneskulen å bruke desse som framkomstmiddel til og frå skulen.  
(eksempelvis el-sparkesykler, el-sykler)

#### Ugyldig fråvær

Ugyldig fråvær er definert som fråvær som ikkje er grunngitt av føresette, eller som varer lenger enn det skolen har gitt permisjon for.

Dersom eleven gjentekne gonger kjem for seint, skal heimen bli kontakta for å få klarlagt årsaka til fråværet. Dersom eleven er borte frå skolen utan at skulen har fått beskjed om fråveret blir heimen kontakta.

#### Mobbing og valdeleg/ aggressiv åtferd

Skulane/kommunen har utarbeidd eigne mobbeplanar. Mobbing er fysiske og/eller psykiske åtak som over tid er retta mot ein eller fleire elevar og/eller tilsette, og der styrkeforholdet er ujamt.

Vald eller truslar om vald skal ikkje bli akseptert. Elevar som truar med eller bruker vald, kan visast vekk frå undervisninga/skulen. Dei føresette til valdsbrukaren og offeret sine føresette vil bli kontakta. Grove valdsepisodar vil bli meldte til politiet.

### **Farlege gjenstander**

På skulen sitt område er det ikkje lov til å ha med seg gjenstander som kan brukast til å gjera skade på andre.

Farlege gjenstander skal konfiskerast av skulen og leverast til eleven sine føresette. Ulovlege gjenstander vert leverte til politiet.

### **Rusmidlar**

Det er forbode å vera rusa, bruka, oppbevara, omsetja eller ha med seg tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område.

Skulen skal konfiskera rusmiddel/tobakk/snus som elevar har med seg i skuletida. Politi/barnevern vil i særlege situasjonar kunne bli kontakta.

### **Hærverk**

Forsettleg eller aktlaus skade eller hærverk på skulen sin eigedom og utstyr kan føra til eit erstatningskrav overfor føresette. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker, Chromebook og anna utstyr, jf. skadeerstatningslova § 1-1 og 1-2.

Elevar som gjer hærverk, skal påleggjast å rydda opp etter seg/utbetra skadar som er gjort. Dette skal skje når opprydningen er arbeid som eleven har føresetnad for å klara. Arbeidet må vera rimeleg i høve til lovbrotet.

### **Juks**

Brot på skulen sitt prøve -og tentamensreglement blir sett på som juks. Ved juks til eksamen skal spørsmålet om annulling verta avgjort av rektor.

### **Straffbare forhold**

Ved alvorlege tilfelle av valdsbruk, truslar om vald, tjuveri, grove brot på skulen sine ordensreglar og provoserande åtferd, kan det bli aktuelt å mælda forholdet til politiet.

### **Nødverge**

Når det i heilt spesielle, akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skada seg sjølv eller andre, vil det vera nødvendig å stansa eleven, eventuelt skilja eleven frå resten av gruppa ved til dømes å plassera eleven på eit eige rom for ein kortare periode. Eleven skal då ha tilsyn av minst ein vaksen. Når eit slikt tiltak blir sett i verk har skolen ansvar for at årsak og tiltak blir dokumentert og at føresette blir informert.

### **Flytting av elev til annan skule eller klasse**

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule eller klasse utan føresette sitt samtykke. Før det vert gjort vedtak om å flytta ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. (Jfr. opplæringslova §8-1, 3. ledd). Kommunalsjef tek avgjørda i slike saker.